



Inga Tveito gledde seg stort over frammøtet. Broren, Leif Ottar, som kom overraskende frå Sørlandet nede til venstre.

**Mykje folk møtte fram laurdag kveld då Galleri Oska hadde opning av fotoutstillinga til Inga Tveito. Dei frammøtte vart møtt av ei samling av 24 nydelege fotografi. Inga Tveito vart kjend som julekortfotografen til Erna Solberg, men amatørfotografen gjennom mange år, har mykje anna å visa til!**



Mange ville sjå dei nydelege bileta.

Inga Tveito har fått prisar i fleire samanhengar m.a. for fotoserien av kyrne på Døssland som er med på utstillinga. Sjølv om Inga har drive med fotografering i snart 50 år, var dette debututstillinga, det var jammen på høg tid. Det sa også Roy Lervåg då han ønskte velkommen før han gav ordet til fotokunstnaren. Inga innleia med å seia at ho var overraska over det store frammøtet som ho sette svært stor pris på. Ho var også glad for samarbeidet med Galleri Oska. Ho fortalde litt om korleis ho arbeidde, og korleis ho hadde valt ut bilete.

Kristian Bringedal helsa og overrekte blomar frå Uskedal Utvikling, medan Thor Inge Døssland helsa frå 'naboungane på 60-talet' og overrekte den nydelege CDen 'Nokre Faae Songar'(dikt av Olav H. Hauge) av ein annan Uskedalkunstnar som har kome fram i Ijoset siste året, Stig Børsheim. Bror til Inga, Leif Ottar Tveito og kona Ellen kom heilt overraskande frå Birkeland på Sørlandet til utstillingsopninga. Han helsa, trekte trådane attende og overrekte Inga det første kameraet ho brukte (Kodak Instamatic 233) og bilete frå debuten hennar som fotograf under landsleiren for jentespeidarar i 1969. Han hadde fått kopiert bileta frå negativar. Artig og rørende innslag der han også overrekte sprudlande drykk. Sist Leif Ottar var inne i bygget var då det var slaktehus i 1969.

God servering var det også. Både fingermaten til Roy Lervåg og den nydelege hylleblomsafta til Inga smaka fortreffeleg. Folk kosa seg medan dei studerte bileta og prata saman. Dei fleste tok seg god tid.

- Dette var jammen ein fantastisk koseleg måte å treffa mange bygdefolk på, sa ein av dei tilreisande. Bygdefolket såg også ut til å kosa seg like mykje i den svært så trivelege atmosfæren. Eit blinkskot var det!!

Elles nemner vi at det er salgsutstilling, og her kan ein verkeleg få flott veggpyrd til ein billeg penge. Statsministerbiletet kan ein også få kjøpt. Det ligg bestillingslister på Oska, og utstillinga vil stå til uti juli.



[Mange nytte også deler av den fine sommarkvelden på terrassen.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland